

◆ I bruk på Husnes frå måndag denne veka

Robot mot smitte

Fredag førre veke fekk Kvinnherad kommune eit nytt middel i kampen mot smitte og farlege bakteriar ved institusjonane. Då kom ein robot til Rosendalstunet.

MARIE SKAALUREN
marie@kvinnheringen.no

Roboten er ein desinfiseringsmaskin som ved å nytta hydrogenperoksid eliminerer 99,999 prosent av alle bakteriar, sporar og virus i eit rom.

– Bakgrunnen for innkjøpet er å avgrensa sjukdomsutbrot ved institusjonane. Vi må halda tritt med utviklinga, fortel Leif Kolbjørn Kongestøl, einingsleiar ved Rosendalstunet.

Han forklarar at ved institusjonane opplever ein meir og meir smitte, særleg frå pasientar som kjem frå sjukehus. I framtida vil denne problemstillinga berre bli større, ved til dømes multiresistente bakteriar. Roboten kostar rundt 215.000 kroner.

– Vi meiner vi vil spara inn beløpet raskt. I dag brukar vi mykje tid og ressursar på dei smitteprosedyrane personalet utfører, seier Kongestøl.

Roboten skal fraktast mellom dei ulike institusjonane i kommunen etter kor behovet er.

Desinfiserer rom

Kjell-Erik Kvamsdal frå produsenten av roboten heldt fredag opplæring for tilsette frå ulike institusjonar i kommunen. Han forklarte at roboten kan nyttast både preventivt og ved sjukdomsutbrot der det er fare for smitte.

– Dette vil gjera jobben tryggare for dei tilsette i helsesektoren i kommunen, og ikkje minst avgrensa smitte og sjukdom for bebuarar og pasientar, fortel han.

Kvamsdal viste dei tilsette korleis roboten fyller hydrogenperoksidgass i rommet som



ROBOTANE KJEM: Leif Kolbjørn Kongestøl tok fredag førre veke imot Kjell-Erik Kvamsdal og den nye desinfiseringsroboten som skal brukast ved sjukeheimane i kommunen.

skal desinfiserast, og korleis den tilsette får beskjed via sms eller e-post når roboten er ferdig. Før dette må rommet forseglast slik at ingen gass siv ut. Heile prosessen tar nokre timar, avhengig av storleiken på rommet. I mellom-

tida kan den tilsette gjera andre oppgåver. Prisen for å desinfisera eit rom er rundt 125 kroner.

– Vi ser behovet for dette. Vi veit jo kor mykje ressursar eit smitteutbrot tar. Dersom vi får stoppa smitte med denne robo-

ten, så er det sjølvstødig veldig bra, seier Trond Inge Kvandal, servicearbeidar ved Husnestunet.

Kvandal frakta fredag førre veke roboten til Husnes, der den måndag skulle bli tatt i bruk ved Husnestunet.



ROBOT MOT SMITTE: Kjell-Erik Kvamsdal lærte opp dei tilsette i korleis bruka roboten for å desinfisera smitterom ved helseinstitusjonane i kommunen. Her med Leif Kolbjørn Kongestøl og Trond Inge Kvandal.



99,999 PROSENT: Roboten desinfiserer rom ved hjelp av hydrogenperoksidgass. Etter prosessen skal 99,999 av alle bakteriar og sporar vera borte. Slik håpar kommunen å halda bebuarar og tilsette friske gjennom til dømes influensasesonane.

Kvinnheringen

– for 25 år sidan

28. mars 1994

Fokus på HVPU-reforma

Stein Barstad bur i verna bustad ved den tidlegare Distriktsheimen i Herøysundet. På eitt år er tilbodet til Stein meir enn halvert, og foreldra fryktar den vidare utviklinga for dei psykisk utviklingshemma, etter at HVPU-reforma vart gjennomført. I ein serie reportasjar og artiklar vil Kvinnheringen prøva å kasta lys over stoda for dei psykisk utviklingshemma i Kvinnherad, etter at den såkalla HVPU-reforma vart gjennomført i 1991. Etter den tid skulle kommunane sitja med ansvaret for dei psykisk utviklingshemma, og alle institusjonar skulle etter kvart leggjast ned. I dag startar serien, som har undertittelen «Vart det betre?»

Ulukke ved Sørøal

Torsdag kveld vart ein 61 år gammal arbeidar skada i ei arbeidsulukke ved Sørøal. Ein truck skulle løfta ein tre tonn tung container, då containeren velta. Mannen kom i klem mellom containeren og ein vegg, og det måtte pumpast luftputer mellom containeren og veggen for å få mannen laus. Han vart sendt til Haukeland sjukehus med luftambulans, der han framleis ligg. Om det såg alvorleg ut, slapp mannen likevel frå det med eit beinbrot.

Drivhuset kafé opna

På laurdag var det på nytt liv i det tidlegare hagesenteret i Uskedalen. Drivhuset Kafé og Gatekjøkken opna dørene for store og små. Og det var driv i det frå første dag. Oddvar Myklebust var godt nøgd med besøket dei første timane. Den nye kafeen har plass til 45 gjester.